

# LEIK, LÆRING OG UTVIKLING BRUNKEBERG OPPVEKSTSENTER



## ÅRSPLAN FOR BARNEHAGEN 2011-2012.

Barnehagen er gjennom ”Barnehagelova” pålagde å utarbeide ein årsplan. Årsplan skal gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til foreldra, eigar Kommunen og andre interesserte.

I rammeplanen står det retningslinjer for kva barnehagen skal innehalde , og kva me i barnehagen skal jobbe med.

Barnehagane i kommunen har utarbeida eit felles informasjonshefte , som gjeld for alle barnehagane. I tillegg til dette har kvar barnehage ein årsplan. Det har også blitt utarbeida ein språkplan som gjeld for alle barnehagane og skulane i kommunen.

I denne planen står det mykje om kva me i barnehagen vil og må gjera i forhold til dette tema.

Me ved Brunkeberg oppvekstsenter legg vekt på at barna skal få god omsorg og oppdragelse i det daglege ved at me vaksne er anerkjennande og gode rollemodellar. Me er opptatt av at personalet som arbeider her er høflege, respektfulle og trivelege i omgang med barn, og saman med andre vaksne.

Anerkjennande kommunikasjon er eit mål me har. Det tyder blant anna:

- Å ha fokus på det positive og arbeide utifrå/gjennom det.
- ”Å gje gode beskjedar” er eit mål for personalet.
- Å sette ord på opplevingar og kjennslar i det daglege er og viktig.

I alle dei daglege aktivitetane som skjer i løpet av ein barnehagedag, skjer det læring. Læring blir til under prosessane .Når me har temaarbeid, lærer barna om mange ulike fagområde. I løpet av året har me ulike tema, det kjem me tilbake til i halvårsplanen for avdelingane.

Begge avdelingane skal arbeide med å dokumentere delar av sitt arbeid , ved tekstskaping, bilder i barna sin egen perm. Og oppslag på veggane i barnehagen

Leik:

Har ein sentral plass i barnehage.

Me i barnehagen skal leggje til rette for variert leik, og gje barna tid og rom for deira fantasi og ynskje.

## **I Rammeplan har me 7 fagområder :**

### *1. Kommunikasjon, språk og tekst.*

\* Er eit satsingsområde for heile kommunen.

\* Står mykje om det i planen: ” Lese for læring og lyst – språk for livet”. Ein plan for språk og leseopplæring for barnehage og skule i Kviteseid kommune.

### *2. Kropp, rørsle og helse.*

\* Me vil bruke tid på å lage mat i barnehagen, fokus på god og sunn mat.

\* Me vil lære litt om kroppen og ha mykje fysisk aktivitet, både ute og inne. Me er heldige som har tilgang på gymsal, og eit fint turmiljø ende utanfor barnehagen.

### *3. Natur, miljø og teknikk.*

#### *4. Nærmiljø og samfunn.*

\* Me vil bruke naturen og det som er der.

\* Oppløve glede ved å ferdest i naturen og få grunnleggjande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen.

\* Bruke nærmiljøet for at barna skal kunne observere og lære om dyr, fuglar, insekt og planter.

\* Inkludere friluftaktivitetar og uteleik i barnehagekvardagen.

\* Kildesortering er noko me gjer i det daglege i barnehagen.

\* På turar om våren, ser me mykje som kjem fram etter at snoen blir borte. Både blomar, men også søppel som ikkje skal vere i naturen.

### *5. Kunst, kultur og kreativitet.*

\* Gje rom for både vaksenstyrt og barnestyrt aktivitetar som måling, teikning, lesing, musikk, dans, drama. ol.

### *6. Etikk, religion og filosofi.*

\* Er eit fagområde me er inno i høgtider som jol og påske.

\* Filosofi er eit tema som kjem inn i det daglege, der me som vaksne undras saman med barna.

### *7. Tal, rom og form.*

\* Er noko me jobbar mykje med i barnehagen i det daglege.

\* Viktig å la barna få oppleve glede over å utforske og leike med tal, former og lære seg omgrep.

\* Erfare ulike typer storleikar , former og mål gjennom å sortere og samanlikne.

\* Me vil legge til rette for at barna i leik og kvardagsaktivitetar får erfaringar med dette tema.

I halvårsplanane og månadsbrev/planar for kvar avdeling, vil me gå nærmare inn på aktivitetar og tema kring dette.

***Samarbeid barnehage – skule.***

Målet er eit godt samarbeid mellom dei tilsette , foreldre, barnehagebarn og skuleelevar på oppvekstsenteret.

Me har ein del felles aktivitetar.

For å få ein mjuk overgang frå barnehage til skule, har førskulebarna og 1. klasse ein time i veka saman .

Dette året blir det måndagar frå og med veke 35.

Då håpar me på eit spennande og lærerikt år for alle her ved Brunkeberg oppvekstsenter barnehagen.

Foreldre kontaktar :

Blåbær: Jørun Heggtveit

Vara: Liv Kjersti Kleiv

Tytebær: Kristin Brekke Moore

Vara: Anita Andersen

Dykk foreldre må gjerne ta kontakt med barnehagen om det er noko de lurar på. enten med personalet på di avdeling, eller med Assisterande einingsleiar:

TELEFONNUMMER:

Leiar/ Rektor : Inger Marie Bang: 35055340

Assisterande einingsleiar : Anne Helen Berge: 35055360.

Avdeling Blåbær: 35055362

Avdeling Tytebær: 35055363